
Vår referanse 2020/71233-1
Dato 15.09.2020

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Til kommunar i tidlegare Hordaland og kommunane Aurland og Lærdal i tidlegare Sogn og Fjordane

Spleiselag for drifta av vassområda frå 2021-2027

Samandrag

Kommunane har ei viktig rolle i arbeidet med vassforvaltninga i Noreg. Vassforskrifta frå 2007 legg føringar for dette arbeidet og definerer kommunen sine rettar og plikter i dette arbeidet. For å samordne dette arbeidet er landet delt inn i vassregionar og vassområde. Kvar kommune er representert i eit vassregionutval og er medlem i eit vassområdeutval. Vassområdekoordinator er sekretæren i dette utvalet og skal samordna arbeidet og hjelpe kommunen med å få utført sin del av arbeidet med å få utarbeidd ein vassforvaltingsplan. Finansieringa av arbeidet i vassområdeutvalet skal skje med bruk av kommunale, fylkeskommunale og statlege midlar.

Kommunane i Sogn og Fjordane har sidan 2012 bidrege inn i eit spleiselag for å finansiere ein vassområdekoordinator i 50 % stilling for kvart vassområde. Fram til og med 2020 har kommunar i tidlegare Hordaland ikkje betalt noko i eit slikt spleiselag.

Vassområdekoordinatorar i Hordaland har no ca. 25 % stilling finansiert av fylkeskommunen. Vår erfaring er at så låg stillingsprosent ikkje er tilstrekkeleg til å hjelpe kommunane med sitt ansvar innan vassforvaltning. Vi oppmodar kommunane som ikkje har vore med i spleiselaget om å vere med i spleiselaget frå 2021.

Vassområdekoordinator vil då betre kunne rådgje og hjelpe kommunane med å få utført det pålagde arbeidet slik at miljømåla kan bli nådd og arbeidet utført i samsvar med nasjonale føringar. Kommunar i tidlegare Hordaland + Aurland og Lærdal får hermed tilbod om å vere med i delfinansieringa i 2021, med halvert sum. Frå 2022 vert det lik betalingsordning for alle kommunar i Vestland.

Dette brevet forklarar kva betalingsmodell me legg opp til i Vestland fylke og kor mykje det vil koste kvart år for den einkilde kommune frå 2021 fram til og med 2027. Det er viktig at kvar kommune handsamar dette og tek høgde for dette i sine budsjett. Summane vert indeksregulert utover i perioden.

Bakgrunn

Vassforskrifta vart sett i verk 01.01.2007. Gjennom vassforskrifta har Noreg slutta seg til EU sitt vassdirektiv. Direktivet legg opp til ei heilskapleg forvaltning av grunnvatn, fersk-

og kystvatn. Vassforskrifta seier at alle vassførekomstar i Noreg som hovudregel skal ha minimum god økologisk og kjemisk tilstand. Vassforskrifta er heimla i Plan- og bygningslova, Ureiningslova, Vassressurslova og Naturmangfaldlova, saman med andre relevante lover, som er viktige for planarbeidet.

Føremålet med vassforskrifta er å sikre og beskytte berekraftig bruk av vassmiljøet i ferskvatn, grunnvatn og kystvatn i Noreg. Det blir fastsett miljømål for alle vassførekomstar i Noreg i forvaltningsplanane. For å nå miljømåla, må tiltak settast i gong der tilstanden er for dårleg. Der tilstanden er for dårleg og eksisterande tiltak etter sektorlovverk ikkje er tilstrekkeleg for å nå miljømålet, må nye tiltak setjast i gang.

Planarbeidet spenner totalt over 3 landsdekkande planperiodar kvar på 6 år. I ein planperiode skal gjeldande vassforvaltningsplan og tiltaksprogram gjennomførast og reviderast. I planperioden 2016-2021 skal gjeldande vassforvaltningsplanar for Hordaland og Sogn og Fjordane gjennomførast. Vi er no i gong med å revidere planane til ein plan for Vestland som skal gjelde for 2022-2027. Vidare vil det bli utarbeidd ein revidert plan for 2028-2033.

Vassområdekoordinator koordinerer aktiviteten i vassområda. Dei er viktige for kommunane og det lokale engasjementet. Eit vassområde dekker eit geografisk område der kommunane samarbeider og «sit i førarsetet». Viktige oppgåver for vassområdekoordinator er å vere pådrivar og rådgjever for kommunane. Dei må og kople på regionale etatar når ulike problemstillingar tilseier dette. Ei liste over aktuelle arbeidsoppgåver går fram av vedlegg 1. Kor mykje av desse oppgåvene vassområdekoordinator kan gjennomføre er avhengig av stillingsprosenten. Vassområdekoordinator er tilsett i Vestland fylkeskommune eller i ein vertskommune.

Betalingsmodellen

Sogn og Fjordane har hatt spleiselag med kommunane, og finansiert 50 % stillingar for kvart vassområde frå 2012). I Hordaland har derimot ikkje kommunane betalt noko. Fylkeskommunen har finansiert 25% stillingar utan bidrag frå kommunane. Frå 2021 legg vi opp til spleiselag også for kommunar i tidlegare Hordaland med, med 50 % sum i 2021. Me tek etter kvart sikte på å auke opp arbeidsinnsatsen i kvart vassområde frå 25 % til 50 %. Frå 2022 legg vi opp til lik betalingsordning for alle kommunar i Vestland.

På møte i dei ulike vassområdeutvala i «Hordaland» i april 2020 vart denne saka teke opp. Slike vedtak vart fatta: Vassområdeutvalet sluttar seg til eit spleiselag mellom *Fylkesmannen/fylkeskommunen i Vestland og kommunane i vassområdet. Val av finansieringsmodell er enno ikkje avklart. Det vert sendt ut brev til kommunane om ny ordning i juni eller august 2020.*

Vi ha brukt bra med tid på å forme ein god betalingsmodell og på å vurdere kva betalingsmodell me skal bruke for at det skal verta mest mogeleg rettferdig for alle kommunar.

Årsbudsjett for kvart vassområde i perioden 2022-2027:

Løn vassområdekoordinator i 50 % stilling:	kr 400 000
Miljøovervaking / kartleggingar:	kr 150 000
Reise, møte, drift	kr 50 000
Sum drift vassområdet	kr 600 000

Drifta av vassområdet er eit spleiselag der kommunane finansierer 50 % av kostnadane og fylkeskommunen 50 %.

Grunnlag	Del
Lik fordeling (grunnsats)	30 %
Folketal	35 %
Jordbruksareal i drift	35 %

Me har lagt opp til ein fordelingsnøkkel mellom kommunane med 30 % likt beløp, 35 % fordelt etter folketal og 35 % fordelt etter jordbruksareal i aktiv drift. I fordelingsnøkkelen som er valt, har vi forsøkt å ta omsyn til ulikskapen mellom kommunane samt vektlegge dei problemstillingane som gjer at vassområdekoordinatoren vil bruke tid i kommunen. Viktige ansvarsoppgåver kommunen har som påverkar tilstanden i vassførekomstane, er m.a. avløp, landbruk, veg og areal og urban utvikling. Folketalet innverkar ofte på kva for utfordringar kommunen har. Nokre kommunar har små bitar av areal i to vassområde. Dei betalar då berre i det vassområdet der hovudarealet ligg. Andre kommunar som Alver, Voss og Bergen er med i to vassområde med eit monaleg areal. Dei betalar då i begge utifrå folketal og jordbruksareal, men betalar 30 % grunnavgift berre til eit vassområde. Sjå vedlagt tabell over kostnadar for kvar kommune.

Utfordringar for kommunane framover

Nasjonale føringar for arbeidet med oppdatering av dei regionale vassforvaltningsplanane frå 19.3.2020 gav klare meldingar frå departementet om kva forventningar dei har til kommunane i arbeidet med vassforvaltinga no framover. Spesielt er det nemnt tiltak og forsterka innsats mot ureining frå spreidde avløp og landbruk. For å få gjort dette arbeidet innan 2033 vil vassområdekoordinator kunna vera til stor hjelp for kommunen.

Framdrift for spleiselaget

Det er viktig at kvar kommune handsamar denne saka og legg inn i sitt budsjett dei årlege kostnadane framover. På grunn av budsjetthandling, får kommunane dette brevet. Det vert så teke opp på fyrste møte i vassområdeutvalet i løpet av hausten 2020.

Fylkeskommunen ber om tilbakemelding innan 1.12.2020 eller så snart det er fatta eit vedtak om kommunen blir med i spleiselage/medfinansieringa.

Meir informasjon om arbeidet med vassforskrifta og kommunen sitt ansvar kan ein finna på vannportalen.no og miljødirektoratet.no.

Status for vassførekomstane i alle kommunar finn ein på vann-nett/portal.no

Vedlegg 1: Arbeidsoppgåver til vassområdekoordinator.

Vedlegg 2: Betalingsmodell for kommunane i Vestland fylke 2021-2027.

Med helsing

Endre Høgalmen
seksjonssjef

Sveinung Klyve
Seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1.oppgåver vassområdekoordinator
- 2 Betalingsmodell Vestland sør (tidl Hordaland) 2021-2027
(1)

Mottakarliste

ALVER KOMMUNE	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
FEDJE KOMMUNE	Stormarkvegen 49	5947	FEDJE
FITJAR KOMMUNE	Postboks 83	5418	FITJAR
KVAM KOMMUNE	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
KVINNHHERAD KOMMUNE	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
LÆRDAL KOMMUNE	Postboks 83	6886	LÆRDAL
MASFJORDEN KOMMUNE	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
MODALEN KOMMUNE	Postboks 44	5732	MODALEN
OSTERØY KOMMUNE	Postboks 1	5293	LONEVÅG
SAMNANGER KOMMUNE	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
STORD KOMMUNE	Postboks 304	5402	STORD
SVEIO KOMMUNE	Postboks 40	5559	SVEIO
TYSNES KOMMUNE	Uggdalsvegen 301	5685	UGGDAL
ULLENSVANG KOMMUNE	Opheimsgata 31	5750	ODDA
ULVIK HERAD	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
VAKSDAL KOMMUNE	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
VOSS HERAD	Postboks 145	5701	VOSS
ØYGARDEN KOMMUNE	Ternholmvegen 2	5337	RONG